Nissedal kommune

Møteinnkalling

Utval:	**Formannskapet**
Møtestad:	Ordførarkontoret, Kommunehuset
Dato:	21.03.2019
Tidspunkt:	09:00

Forfall skal meldast på tlf. 35 04 84 00. Varamedlemmer møter berre ved særskilt innkalling.

ADMU-møte startar kl. 08.30.

Halvor Homme
ordførar

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til behandling	
PS 26/19	N - 5/12 - Kleivvegen 59 - Frådeling - arealoverføring frå 5/12 til 5/16 - dispensasjon	
PS 27/19	N - Bruksendring - frå fritidsbustad til heilårsbustad - saksbehandlingsprinsipp	
PS 28/19	Interkommunalt samarbeid mellom Nissedal og Kviteseid - felles rekneskapskontor	
PS 29/19	Vurdering av behovsvurdert redusert foreldrebetaling - SFO	
PS 30/19	Uteområda i barnehagane i Nissedal kommune	
PS 31/19	Fordeling av pott for fellestiltak 2019	
PS 32/19	Referat- og drøftingssaker	

Saker til behandling

PS 26/19 N - 5/12 - Kleivvegen 59 - Frådeling - arealoverføring frå 5/12 til 5/16 - dispensasjon

Nissedal kommune

Arkiv:	5/12
Saksmappe:	2019/279-4
Sakshandsamar:	Sveinung Seljås
Dato:	07.03.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	26/19	21.03.2019

N - 5/12 - Kleivvegen 59 - Frådeling - arealoverføring frå 5/12 til 5/16 - dispensasjon

Søkar: Toke Beyer-Clausen Tveitanevegen 83 3854 NISSEDAL

Vedlegg:
- Søknad, dat. 25.01.19
- Jordlovsbehandling, sak 005/19, dat. 21.02.19.

Fakta i saka:

Det er søkt om frådeling av eit areal, ca. 1000 m2, frå landbrukseigedomen g/bnr 5/12, Kleven. Det frådelte arealet skal gå som tilleggsareal til tomt for fritidsbustad, g/bnr 5/16, frå før ca. 1500 m2. Bakgrunnen for ønska frådeling er at nabo(kjøpar) treng meir areal til ein heilårs parkeringsplass, at han alt delvis disponerer arealet ved å halde det i orden, og at bekken vil vere ei naturleg tomtegrense i sør mellom desse to eigedomane.

Det omsøkte tilleggsarealet er LNF-areal i kommuneplanen, registrert som dyrka beitemark. Her er det eit generelt deleforbod. Det er dette forbodet det nå blir søkt dispensasjon frå. Frådelingar frå eit slikt arealføremål må ha samtykke etter jordlova. Det er gitt slikt samtykke, jf. sak 005/19 frå interkommunalt landbrukskontor.

Kommuneplanen har retningsliner for behandling av dispensasjonsøknader i LNF. Ei av dei seier at det ikkje skal delast frå til hyttetomter på dyrka eller dyrkbar mark. Det er også innarbeidd praksis i kommunen at nye tomter for fritidsbustader ikkje skal bli over 2000 m2. Søknaden er i strid med desse to punkta.

Søknaden er nabovarsla, to stk. Det har ikkje kome merknader til varselet. Søknaden er derimot ikkje sendt på høyring til regionale eller statlege fagetatar då den ikkje rører ved arealbruk som skal ivaretakast regionalt eller nasjonalt.

For å kunne gje dispensasjon, skal det vere klargjort at omsynet LNF-statusen skal ivareta, ikkje blir vesentleg svekka, og at fordelane er klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl) §19-2. Formannskapet avgjer dispensasjonssøknaden med heimel i denne lova. Etter avtale blir kjøpar fakturert behandlingsgebyret på kr 2 600, samla for jordlov- og plan- og bygningslov-behandlinga, jf. vedteke gebyrregulativ. Blir det gitt dispensasjon, vil det også bli gitt delingsløyve etter pbl § 20-1 m). Han blir då fakturert delingsgebyret, også det på kr 2 600.

Vurdering:

Det vil ikkje vere i samsvar med kommuneplanen å tillate frådeling på dyrka/dyrkbar mark. Det er likevel i eiga sak gitt delingssamtykke etter jordlova. Dette er førande for konklusjonen om at

omsyna bak LNF-føremålet likevel ikkje blir vesentleg svekka. Det er heller ikkje andre kjente interessekonfliktar i høve til frådelinga, jf. vurderinga etter naturmangfaldlova og i høve til kulturminne i same sak.

Som tilleggsareal kunne arealet vore redusert slik at totalt tomteareal hadde blitt under 2000 m2. Isolert sett kan nok resultatet bli best for kjøparslik det er søkt om, men presedensverknadene av å gå ut over innarbeidd arealgrense vil vere klart negative. Det er også vanskeleg å sjå argument for å måtte ha eit så stort tilleggsareal. Dersom grunnen er at parkeringsplassen må leggast så langt ned og bort frå hytta, bør dette i så fall kunne kompenserast ved at tomta blir tilsvarande redusert i nord/austre hjørne. Ei ordning der den som delvis disponerer arealet også blir eigar av det, gir fordelar. Totalt sett er det derimot ikkje påvis større fordelar enn ulemper.
Vilkåra for å kunne gje dispensasjon, jf. kva som er sitert over, blir difor fyrst sett på som oppfylte dersom tomta med tilleggsareal blir under grensa på 2 000 m2.

Sidan arealet skal gå som tilleggsareal til eksisterande fritidsbustadtomt, vil dei andre tema som etter lova må vurderast ved frådelingar, ikkje vere relevante, dvs at vegtilkomsten og vatn- og avløpsløysingar vil vere sikra som før.

Rådmannen si tilråding:

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon for frådeling, men avgrensa til i underkant av 500 m2, frå g/bnr 5/12. Dispensasjonen er gitt på desse vilkåra:
- Arealet skal gå som tilleggsareal til g/bnr 5/16, og arealoverførast dette.
- Arealet til g/bnr 5/16 skal etter arealoverføringa ikkje bli over 2 000 m2. Det vil vere opp til partane om det skal skje bare ved reduksjon av avtala tilleggsareal, eller der også eksisterande tomt kan endrast (reduserast).

Formannskapet gir medhald av pbl §20-1 m) delingsløyve for tilleggsareal i samsvar med dispensasjonen over.

NISSEDAL KOMMUNE
Sak.nr. 2019/279-1 | Dato 18.02.2019

Nullstill

DIREKTORATET FOR BYGGKVALITET

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-4 og SAK kap. 3

Opplysningar gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrerte i matrikkelen.

Blir det søkt om dispensasjon frå plan- og bygningslova, forskrift eller arealplan? ☒ Ja ☐ Nei

Er det behov for løyve/samtykke/uttale frå anna myndigheit? ☒ Ja ☐ Nei

Dersom ja, er ikkje vilkåra oppfylte for 3 veker saksbehandling, jf. pbl § 21-7 tredje ledd

Nabovarsling, jf. pbl 21-3, skal vere gjennomført før søknaden blir sendt til kommunen. (Blankett 5154, 5155, 5156).

Ligg det føre merknader frå naboar eller gjenbuarar? ☐ Ja ☐ Nei

Skal tiltaket prosjekterast og utførest i samsvar med TEK10, etter overgangsføresegna i TEK17 § 17-2? ☐ Ja ☐ Nei

Søknaden gjeld

Eigedom/ byggjestad

Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune
5	12					Nissedal

Adresse	Postnr.	Poststad
Kleivvegen 59	3854	Nissedal

Tiltaket si art

Mindre tiltak til bebygd eigedom, pbl § 20-4 og SAK kap. 3

☐ Tilbygg < 50 m²
☐ Frittliggjande bygning (ikkje bustadformål) < 70 m²
☐ Skilt/reklame (SAK10 § 3-1 d)
☐ Driftsbygning i landbruket med samla bruksareal (BRA) mindre enn 1000 m², jf. pbl § 20-4 bokstav b) og SAK10 § 3-2
☐ Mellombels bygning/konstruksjon/anlegg (som ikkje skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 år)
☐ Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining
☐ Riving av tiltak som nemnt i SAK10 § 3-1
☐ Oppretting/endring av matrikkeleining
☐ Grunn-eigedom
☐ Anleggs-eigedom
☐ Festegrunn over 10 år
☒ Arealoverføring
☐ Anna:

Planlagt bruk/formål — Beskriv: Fritidseigendom

Arealdisponering

Planstatus mv.

Set kryss for gjeldande plan

☒ Arealdel av kommuneplan ☐ Reguleringsplan ☐ Utbyggingsplan

Namn på plan: Kommuneplan

Areal

BYA eksisterande	BYA nytt	Sum BYA	BRA eksisterande	BRA nytt	Sum BRA	Tomteareal

Grad av utnytting

Vis berekning av grad av utnytting. Rettleiing finst på www.dibk.no eller kontakt kommunen

Plassering

Plassering av tiltaket

Kan høgspent kraftlinje vere i konflikt med tiltaket? ☐ Ja ☒ Nei
Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert — Vedlegg nr. Q –

Kan vass- og avløpssleidningar vere i konflikt med tiltaket? ☐ Ja ☒ Nei
Dersom ja, må avklaring med aktuell rettshavar vere dokumentert — Vedlegg nr. Q –

Avstand

Minste avstand til nabogrense ____ m
Minste avstand til anna bygning ____ m
Minste avstand til midten av veg ____ m

Dette skal visast på situasjonsplanen

6

Krav til byggjegrunn (pbl § 28-1)		
Flaum (TEK17 § 7-2)	Skal byggverket plasserast i flaumutsett område? ☐ Nei ☐ Ja	Vedlegg nr.
Skred (TEK17 § 7-3)	Skal byggverket plasserast i skredutsett område? ☐ Nei ☐ Ja	Vedlegg nr.
Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)	Ligg det føre vesentleg ulempe som følgje av natur- og miljøforhold? ☐ Nei ☐ Ja Dersom ja, beskriv kompenserande tiltak i vedlegg	Vedlegg nr.

IKKJE RELEVANT

Tilknyting til veg og leidningsnett		
Tilkomst veglova §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket ny/endra tilkomst ☐ Ja ☐ Nei	Tomta har tilkomst til følgjande veg som er opparbeidd og open for alminneleg ferdsel: ☐ Riksveg/fylkesveg — Er avkøyringsløyve gitt? ☐ Ja ☐ Nei ☐ Kommunal veg — Er avkøyringsløyve gitt? ☐ Ja ☐ Nei ☐ Privat veg — Er vegrett sikra ved tinglyst erklæring? ☐ Ja ☐ Nei
Overvatn	Takvatn/overvatn blir ført til: ☐ Avløpssystem ☐ Terreng	

Felta "Vassforsyning" og "Avløp" skal berre fyllast ut for driftsbygning i landbruket, mellombels tiltak eller oppretting av matrikkeleining.

Vass-forsyning pbl §§ 27-1, 27-3	Tilknyting i forhold til tomta ☐ Offentleg vassverk ☐ Privat vassverk* ☐ Anna privat vassforsyning, innlagt vatn* ☐ Anna privat vassforsyning, ikkje innlagt vatn* Dersom vasstilførsel føresett tilknyting til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? ☐ Ja ☐ Nei	* Beskriv Vedlegg nr. Q –
Avløp pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknyting i forhold til tomta ☐ Offentleg avløpsanlegg ☐ Privat avløpsanlegg — Skal det installerast vassklosett? ☐ Ja ☐ Nei Ligg det føre utsleppsløyve? ☐ Ja ☐ Nei Dersom avløpsanlegg føreset tilknyting til anna privat leidning eller kryssar annan sin grunn, ligg det føre rett til dette ved tinglyst erklæring? ☐ Ja ☐ Nei	Vedlegg nr. Q –

7

Vedlegg			
Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå – til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknader/innvilga dispensasjon	B	–	☐
Kvittering for nabovarsel/Opplysningar gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarar til nabomerknader	C	–	☐
Situasjonsplan/avkøyringsplan	D	–	☐
Teikningar plan, snitt, fasade (eksisterande)	E	–	☒
Teikningar plan, snitt, fasade (ny)	E	–	☒
Uttale/vedtak frå anna myndigheit SAK10 § 6-2 og pbl § 21-5	I	–	☒
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	–	☐
Andre vedlegg	Q	–	☒

Erklæring og underskrift		
Tiltakshavar		
Tiltakshavar pliktar å gjennomføre tiltaket ift. plan- og bygningslova (pbl), byggteknisk forskrift og gitt løyve.		
Namn: Toke Ullvar Beyer-Clausen	Telefon (dagtid): 46 28 51 07	Mobiltelefon:
Adresse: Tveitanevegen 83 3854 Nissedal	Postnr.: 3854 Poststad: NISSEDAL	
Dato: 25.01.19 Underskrift: Toke Beyer Clausen	E-post: tokeullvar@gmail.com	
Gjenta med blokkbokstavar: TOKE BEYER-CLAUSEN	Eventuelt organisasjonsnr.	

Krav om matrikulering,
herunder rekvisisjon av oppmålingsforretning
For søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningsloven (pbl) § 20-1 første ledd bokstav m, jf. matrikkelloven (ml) § 10

Vedlegg J
Kommunens saks-/journalnr.
Oppdragsnr.

1. Rekvisisjon gjelder for følgende matrikkelenhet (eiendom)*				
Kommunenr.	Gnr. 5	Bnr. 12	Fnr.	Kommune Nissedal
Kommunenr.	Gnr. 5	Bnr. 16	Fnr.	Kommune Nissedal

* Ved arealoverføring skal det oppgis informasjon om begge involverte matrikkelenheter

2. Rekvirentens hjemmel for krav om matrikulering etter matrikkelloven § 9 første ledd bokstav a-h*
☒ Den som har grunnbokshjemmel som eier, ml § 9 a
☐ Den som ved rettskraftig dom er kjent som eier eller fester, ml § 9 b
☐ Den som lovlig har overtatt grunn eller anlegg ved ekspropriasjon, ml § 9 c
☐ Den som lovlig har etablert/fått løyve til å etablere fast anlegg på eierløs sjøgrunn eller i eierløs undergrunn, ml § 9 d
☐ Den som med hjemmel i lov utøver eierrådighet over grunnen når ingen har grunnbokshjemmel til denne, ml § 9 e
☐ Stat, statsforetak, fylkeskommune eller kommune når grunnen er tilegnet offentlig veg- eller jernbaneformål, ml § 9 f
☐ Stat/kommune ved fradeling av hele teiger eller når enheten blir delt av kommunegrense, ml § 9 g
☐ Den som har innløst festegrunn etter bestemmelsene i lov om tomtefeste, ml § 9 h

* Rekvisisjon etter matrikkelloven § 9 bokstav b-h krever dokumentasjon for lovhjemmel som ligger til grunn for kravet

3. Sakstype (se veiledning på side 2)
3.a Opprettelse av ny matrikkelenhet
☐ Grunneiendom ☐ Anleggseiendom ☐ Festegrunn
3.b Endring av eksisterende matrikkelenhet
☒ Arealoverføring (berørte parter må skrive under i punkt 7 jf. matrikkelforskriften § 23 (6))

4. Tidspunkt for matrikulering, måling og merking av grenser (se veiledning side 2)
☒ Matrikulering uten utsettelse, som hovedregel innen 16 uker jf. matrikkelforskriften § 18 (1)
☐ Matrikulering innen frist nærmere avtalt med kommunen jf. matrikkelloven § 35
☐ Søknad om matrikulering uten fullført oppmålingsforretning jf. matrikkelloven § 6 andre ledd (søknad vedlegges)

5. Vedlegg (dokumentasjon som trengs for å gjennomføre oppmålingsforretningen)	
Vedlegg:	Vedlegg nr.
Dokumentasjon for hjemmel jf. ml § 9 bokstav b-h	
Begrunnet søknad om matrikulering med utsatt oppmålingsforretning, samt kartvedlegg jf. mf § 25	
Annen aktuell dokumentasjon	

6. Fakturaadresse (skal fylles ut dersom faktura skal sendes andre enn rekvirenten, eller dersom det er flere rekvirenter)			
Navn (blokkbokstaver) Bjørn Thomsgård		Adresse Bølstatunet 2	Evt. organisasjonsnr
Postnr. 3430	Poststed SPIKESTAD	E-postadresse bthomsg@gmail.com	Telefon 93214270

7. Underskrift fra registrert eier eller fester av matrikkelenhet som får endret grense*			
Gnr./Bnr./Fnr.	Evt. organisasjonsnr.	Navn (blokkbokstaver)	Underskrift registrert eier/fester
5/12		TOKE BEYER-CLAUSEN	Toke Beyer Clausen
5/16		BJØRN THOMSGÅRD	

* Dersom det er flere som skal skrive under benyttes eget ark

8. Rekvirentens/rekvirentenes navn og underskrift*			
Navn (blokkbokstaver)		Adresse	
Postnr.	Poststed	E-postadresse	Telefon
Dato	Signatur		Evt. org.nr
Navn (blokkbokstaver)		Adresse	
Postnr.	Poststed	E-postadresse	Telefon
Dato	Signatur		Evt. org.nr

* Dersom det er flere rekvirenter benyttes eget ark

Veiledning	
Veiledning til felt 3.a:	
Dette feltet skal krysses av hvis det skal opprettes en av følgende matrikkelenhetstyper; ny grunneiendom, ny anleggseiendom eller ny festegrunn. Matrikkelenhetstypene er definert i matrikkelloven § 3 bokstav b og matrikkelloven § 5.	
Veiledning til felt 3.b:	
Dette feltet skal krysses av hvis det skal gjennomføres arealoverføring mellom to matrikkelenheter. Arealoverføring innebærer at areal overføres mellom to tilgrensende matrikkelenheter jf. matrikkelloven § 15 og matrikkelforskriften § 33.	
Veiledning til felt 4:	
Matrikulering uten utsettelse	Matrikulering betyr at en ny matrikkelenhet føres inn i matrikkelen, jf. ml § 3 bokstav f. Matrikulering uten utsettelse medfører at det gjennomføres oppmålingsforretning og matrikkelføring innen 16 uker etter at tillatelse etter pbl § 20-1 m er gitt, jf. matrikkelforskriften § 18 (1) og (2).
Matrikulering innen avtalt frist	Medfører at iverksetting av oppmålingsforretning og matrikkelføring utsettes, og frist for fullføring av dette arbeidet avtales med rekvirenten, jf. ml § 35 første ledd. Fristen løper fra det tidspunkt tillatelse etter pbl § 20-1 m gis. Innen avtalt frist løper ut må rekvirenten sende inn kopi av rekvisisjonen på nytt slik at oppmålingsforretning blir iverksatt.
Matrikulering uten fullført oppmålingsforretning	Dette alternativet er kun aktuelt ved opprettelse av ny matrikkelenhet. Medfører at matrikkelenheten som er søkt opprettet føres i matrikkelen uten at oppmålingsforretning er fullført, jf. ml § 6 andre ledd og mf § 25. Kommunen skal sette frist for når oppmålingsforretning skal være fullført, jf. mf § 25 (3). Innen fristen utløper skal kommunen iverksette oppmålingsforretning.
Den utfylte rekvisisjonen (dette skjema, vedlegg J) skal legges ved søknad om tiltak etter pbl i underskrevet stand.	

6. Fakturaadresse (skal fylles ut dersom faktura skal sendes andre enn rekvirenten, eller dersom det er flere rekvirenter)			
Navn (blokkbokstaver) Bjørn Thomsgård		Adresse Bolstatunet 2	Evt. organisasjonsnr
Postnr. 3430	Poststed SPIKESTAD	E-postadresse bthomsg@gmail.com	Telefon 93214270

7. Underskrift fra registrert eier eller fester av matrikkelenhet som får endret grense*			
Gnr./Bnr./Fnr.	Evt. organisasjonsnr.	Navn (blokkbokstaver)	Underskrift registrert eier/fester
5/12		TOKE BEYER-CLAUSEN	Toke Beyer Clausen
5/16		BJØRN THOMSGÅRD	Bjørn Thomsgård

* Dersom det er flere som skal skrive under benyttes eget ark

8. Rekvirentens/rekvirentenes navn og underskrift*			
Navn (blokkbokstaver)		Adresse	
Postnr.	Poststed	E-postadresse	Telefon
Dato	Signatur		Evt. org.nr
Navn (blokkbokstaver)		Adresse	
Postnr.	Poststed	E-postadresse	Telefon
Dato	Signatur		Evt. org.nr

* Dersom det er flere rekvirenter benyttes eget ark

Veiledning

Veiledning til felt 3.a:

Dette feltet skal krysses av hvis det skal opprettes en av følgende matrikkelenhetstyper; ny grunneiendom, ny anleggseiendom eller ny festegrunn. Matrikkelenhetstypene er definert i matrikkelloven § 3 bokstav b og matrikkelloven § 5.

Veiledning til felt 3.b:

Dette feltet skal krysses av hvis det skal gjennomføres arealoverføring mellom to matrikkelenheter. Arealoverføring innebærer at areal overføres mellom to tilgrensende matrikkelenheter jf. matrikkelloven § 15 og matrikkelforskriften § 33.

Veiledning til felt 4:

Matrikulering uten utsettelse	Matrikulering betyr at en ny matrikkelenhet føres inn i matrikkelen, jf. ml § 3 bokstav f. Matrikulering uten utsettelse medfører at det gjennomføres oppmålingsforretning og matrikkelføring innen 16 uker etter at tillatelse etter pbl § 20-1 m er gitt, jf. matrikkelforskriften § 18 (1) og (2).
Matrikulering innen avtalt frist	Medfører at iverksetting av oppmålingsforretning og matrikkelføring utsettes, og frist for fullføring av dette arbeidet avtales med rekvirenten, jf. ml § 35 første ledd. Fristen løper fra det tidspunkt tillatelse etter pbl § 20-1 m gis. Innen avtalt frist løper ut må rekvirenten sende inn kopi av rekvisisjonen på nytt slik at oppmålingsforretning blir iverksatt.
Matrikulering uten fullført oppmålingsforretning	Dette alternativet er kun aktuelt ved opprettelse av ny matrikkelenhet. Medfører at matrikkelenheten som er søkt opprettet føres i matrikkelen uten at oppmålingsforretning er fullført, jf. ml § 6 andre ledd og mf § 25. Kommunen skal sette frist for når oppmålingsforretning skal være fullført, jf. mf § 25 (3). Innen fristen utløper skal kommunen iverksette oppmålingsforretning.

Den utfylte rekvisisjonen (dette skjema, vedlegg J) skal legges ved søknad om tiltak etter pbl i underskrevet stand.

Vedlegg nr.
C –

Nullstill

DIREKTORATET FOR BYGGKVALITET

Opplysningar gjeve i nabovarsel skal sendast kommunen saman med søknaden

(Gjenpart av nabovarsel)
Pbl § 21-3

Tiltak på eigedommen:

Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Eigedomen si adresse	Postnr.	Poststad
5	12			Kleivvegen 59	3854	NISSEDAL

Eigar/festar	Kommune
Klara og Toke Beyer-Clausen	NISSEDAL

Det varslast med dette om

- [ ] Nybygg
- [ ] Anlegg
- [ ] Endring av fasade
- [ ] Riving
- [ ] Påbygg/tilbygg
- [ ] Skilt/reklame
- [ ] Innhegning mot veg
- [ ] Bruksendring
- [ ] Mellombels bygning, konstruksjon eller anlegg
- [ ] Antennesystem
- [x] Oppretting/endring av matrikkeleining (eigedomsdeling) eller bortfeste
- [ ] Anna

Dispensasjon etter plan- og bygningslova kapittel 19

- [x] Plan- og bygningslova med forskrifter
- [ ] Kommunale vedtekter
- [ ] Arealplanar
- [ ] Veglova

Vedlegg nr.
B –

Arealdisponering

Set kryss for gjeldande plan

- [ ] Arealdel av kommuneplan
- [ ] Reguleringsplan
- [ ] Utbyggingsplan

Namn på plan

Beskriv nærare kva nabovarslet gjeld

Arealoverføring av ca 1015m² frå Gnr. 5 Bnr. 12 til Gnr. 5 Bnr. 16. Dvs frå Kleivvegen 59 til Kleivvegen 61. Arealet ligg i direkte tilknytning til Gnr. 5 Bnr. 16 mellom bekken og vegen.

Vedlegg nr.
Q –

Spørsmål som gjeld nabovarsel skal rettast til

Føretak/tiltakshavar: Toke Beyer-Clausen

Kontaktperson, namn	E-post	Telefon	Mobil
Toke	tokeullvar@gmail.com	46285107	

Søknaden finst på heimeside:
(ikkje obligatorisk)

Merknader skal sendast til

Eventuelle merknader skal vere mottekne innan 2 veker etter at dette varslet er sendt.
Ansvarleg søkjar/tiltakshavar skal saman med søknad sende innkomne merknader og gjere greie for ev. endringar.

Namn	Postadresse
Toke Beyer-Clausen	Tveitanevegen 83, 3854 NISSEDAL
Postnr. / Poststad	E-post: tokeullvar@gmail.com

Vedlegg

Beskriving av vedlegg	Gruppe	Nr. frå – til	Ikkje relevant
Dispensasjonssøknad/vedtak	B	—	☐
Situasjonsplan	D	—	☐
Teikningar snitt, fasade	E	—	☒
Andre vedlegg	Q	—	☒

Underskrift

Tilsvarande opplysningar med vedlegg er sendt i nabovarsel til naboar og gjenbuarar som er berørte.
Kvittering for nabovarsel viser mottakarar av nabovarslet.

Stad	Dato	Underskrift ansvarleg søkjar eller tiltakshavar
	25.01.19	Toke Beyer Clausen
		Gjenta med blokkbokstavar: TOKE BEYER-CLAUSEN

Vedlegg	Side	- av
C -		

Nullstill

DIREKTORATET FOR BYGGKVALITET

Kvittering for nabovarsel skal sendast kommunen saman med søknaden

Nabovarsel kan anten sendast som rekommandert sending, overleverast personleg mot kvittering eller sendast på e-post mot kvittering Med kvittering for at e-posten er motteken meinest e-post frå nabo/gjenbuar som stadfeser at nabovarslet er motteke. Ved personleg overlevering vil signatur gjelde som stadfesting av at varslet er motteke. Det kan òg signerast på at ein gir samtykke til tiltaket.

Tiltaket gjeld						
Eigedom/ byggjestad	Gnr. 5	Bnr. 12	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bustadnr.	Kommune Nissedal
	Adresse Kleivvegen 59				Postnr. 3854	Poststad Nissedal

Følgjande naboar har motteke eller fått rek. sending av vedlagte nabovarsel med tilhøyrande vedlegg:

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom	
Gnr. 5	Bnr. ~~1~~ 2	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar Egil Kleven	Dato sendt e-post
Adresse				Adresse Kleivvegen 47	Kvittering må leggjast ved
Postnr.	Poststad			Postnr. 3854 Poststad NISSEDAL	Poststaden sitt reg.nr.
Personleg kvittering for ☐ motteke varsel	Dato	Sign.		Personleg kvittering for ☐ samtykke til tiltaket	Dato / Sign.

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom	
Gnr. 5	Bnr. 5	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar Aage Olav Øvrebø	Dato sendt e-post
Adresse				Adresse Gulset terrasse 10	Kvittering må leggjast ved
Postnr.	Poststad			Postnr. 3718 Poststad SKIEN	Poststaden sitt reg.nr.
Personleg kvittering for ☐ motteke varsel	Dato	Sign.		Personleg kvittering for ☐ samtykke til tiltaket	Dato / Sign.

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom	
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar	Dato sendt e-post
Adresse				Adresse	Kvittering må leggjast ved
Postnr.	Poststad			Postnr.	Poststad / Poststaden sitt reg.nr.
Personleg kvittering for ☐ motteke varsel	Dato	Sign.		Personleg kvittering for ☐ samtykke til tiltaket	Dato / Sign.

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom	
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar	Dato sendt e-post
Adresse				Adresse	Kvittering må leggjast ved
Postnr.	Poststad			Postnr.	Poststad / Poststaden sitt reg.nr.
Personleg kvittering for ☐ motteke varsel	Dato	Sign.		Personleg kvittering for ☐ samtykke til tiltaket	Dato / Sign.

Nabo-/gjenbuareigedom				Eigar/festar av nabo-/gjenbuareigedom	
Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Namn på eigar/festar	Dato sendt e-post
Adresse				Adresse	Kvittering må leggjast ved
Postnr.	Poststad			Postnr.	Poststad / Poststaden sitt reg.nr.
Personleg kvittering for ☐ motteke varsel	Dato	Sign.		Personleg kvittering for ☐ samtykke til tiltaket	Dato / Sign.

Det er per dags dato innlevert rekommandert (30.01.2019) sending til ovannemnde adressatar.

Samla tal sendingar: 2 Sign. [signature]

12

Dispensasjonsansøkning (Gruppe B)

Undertegnede ønsker fradeling av areal fra g.nr. 5. br.nr.12 til Bjørn Thomsgård G.nr.5 br.nr.16.

G.nr.5 br.nr.16 vil øke fra 1533 til 2552 kvadratmeter.

Eiendommen ligger på en topp med bratt terreng nedover, mye av nåværende tomt egner seg ikke til bruk.

Vi ønsker å bruke bekken(Høybekk) som et naturlig dele mot syd og øke arealet videre nedover slik at eiendommen blir utvidet mot vest. Familien Thomsgård er tidligere eier av Kleiva og har siden salget av kleiva ivaretatt områdene på denne siden av bekken.

Bjørn Thomsgård ønsker utvidelse av tomt slik at det blir et mer naturlig tomt med hensyn til terrenget. Bjørn Thomsgård ønsker også helårsparkering på egen eiendom. Idag er det ikke tilrettelagt for vinterparkering, fordi øverste område av tomt er for bratt.

Bjørn Thomsgård ønsker også oppgradere hytta til dagens standard med hensyn på størrelse, energibruk og vann/kloakk. Bjørn Thomsgård vil også legge strømkabler ned i bakken på egen tomt.

Vi forstår at denne utvidelsen overstiger praksis 2000 m2 på hyttetomter, men pga. tomtens utforming og plassering mener vi at det kan forsvares med å overstige med 552m2.

Håper på et positivt svar.

Forslag 1

Gul og oransje: Eksisterende gardsnr 5, bruksnr 16.

Oransje: Blir flytta til gardsnr 5, bruksnr 12.

Blå: Blir flytta frå gardsnr 5, bruksnr 12 til gardsnr 5, bruksnr 16, som blir 2552 kvadratmeter.



Kvittering for 1950 varsel

posten

Treungen Post i Butikk
Spar Treungen
Postboks 60
3883 Treungen
Org.nr. 916936869 MVA

Ant.	Varetekst.	Beløp	MVA
*	1 Rek Små Innland		
	(AÅGE OLAV ØVREBØ)	kr 185,00	25%
	(GULSET TERRASSE 10)		
	(3718)		
	(SKIEN)		
	(Vekt Manuell:0,225 kg)		
	(Destinasjon:Norge)		
	(Nr.:RR388301010NO)		
*	1 Rek Små Innland		
	(EGIL KLEVEN)	kr 185,00	25%
	(KLEIVVEIEN 47)		
	(3854)		
	(NISSEDAL)		
	(Vekt Manuell:0,225 kg)		
	(Destinasjon:Norge)		
	(Nr.:RR388301023NO)		

Total kr 370,00

Kortbetaling kr 370,00

Mva sat	Grunnlag	Mva sum
25%	kr 296,00	kr 74,00

Bax: 11781772-273498 Resp.: 00
30/01/2019 13:03 Overf.: 145

BankAxept
*******3705-1 KJØP
AID: D5780000021010 NOK 370,00
TVR: 8080048000
TSI: 6800 GODKJENT
Ref.: 428723 130343 IA1

* Solgt på vegne av Posten Norge AS
Org.nr. 984661185 MVA

Bongnr. 47-11465-1-2419078-3

Dato	Tid	Kasse
30.01.2019	13:03:48	KASSE1

Signatur :

47-11465-1-2419078-3

15

Kviteseid kommune
Interkommunalt Landbrukskontor

Toke Beyer-Clausen
Tveitanevegen 83
3854 NISSEDAL

Delegert vedtak
Delegert landbruk Nissedal - nr. 5/19

Dykkar ref:	Vår ref:	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
	2019/491-3	Peter Rieber-Mohn, peter.rieber-mohn@kviteseid.kommune.no	005/012	21.02.2019

N - Svar på søknad arealoverføring frå 5/12- 5/16 - jordlovsbehandling - 5/12 – Kleven

Kort om saka:
Søkarar: Klara og Toke Beyer-Clausen.
Kjøpar: Bjørn Thomsgård

Eigedomen, Kleven 5/12, har i følgje gardskartet 12,9 dekar totalt areal. Av dette er 2,4 dekar klassifisert som fulldyrka jord, 4,9 dekar som innmarksbeite og 4,2 dekar som produktiv skog. Eigedomen blir brukt som bustadeigedom.

Eigedomen 5/16 er ein om lag 1,5 dekar stor, bygd fritidseigedom.

Søknaden gjeld å dele frå om lag 1 dekar frå 5/12 som tilleggsareal til 5/16. Arealet er klassifisert som innmarksbeite.

Eigedomane ligg i LNF-område i kommuneplanen.

Vurdering:
I jordlova §12 heiter det mellom anna:

«Deling av eigedom som er nytta eller kan nyttast til jordbruk eller skogbruk må godkjennast av departementet…

Skal dyrka jord takast i bruk til andre formål enn jordbruksproduksjon, eller skal dyrkbar jord takast i bruk slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida, kan samtykke til deling ikkje givast utan at det er gitt samtykke til omdisponering etter § 9.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna

omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova…»

Jordlova §§9 og 12 gjeld eigedom som blir nytta eller kan nyttast til landbruk. Praktiseringsrundskrivet M-1/2013 frå LMD seier at desse reglane bare gjeld for eigedom der det objektivt sett ligg til rette for jordbruksproduksjon av eit visst omfang enten for sal eller for eige bruk. Vi meiner at eigedomen 5/12 oppfyller dette kravet.

Praktiseringsrundskrivet seier vidare at arealklassa «innmarksbeite» blir rekna som dyrka mark og er omfatta av jordlova §9. I §9 heiter det mellom anna:

«§ 9.*Bruk av dyrka og dyrkbar jord*

Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar…»

Kommuneplanen seier at det ikkje blir godkjent hyttetomter på dyrka mark.

Med tilleggsarealet blir hyttetomta større enn 2 dekar. Tilleggsarealet blir rekna som dyrka mark. I dispensasjonssøknaden blir det argumentert med at mykje av hyttetomta er for bratt til å bruke. Eigarane treng tilleggsarealet mellom anna for å lage heilårs parkeringsplass på hyttetomta. Det er også dei som har halde dette arealet ved like. Bekken er ein naturleg grense mot 5/12.

Som jordbruksareal er tilleggsarealet marginalt og har liten produksjonsverdi. Arealet har også liten verdi for landbrukseigedomen 5/12. Omdisponering og deling vil ikkje påverke driftsforholda for landbruket. Arealet vil ha større verdi for hyttetomta.

Det er ikkje registrerte eller kjente natur- eller kulturverdiar som kan bli påverka av tiltaket.

Vedtak:

Nissedal kommune gir samtykke til å omdisponere og dele frå om lag 1 dekar frå eigedomen Kleven 5/12 til tilleggsareal til hyttetomta 5/16 i samsvar med søknaden frå Klara og Toke Beyer-Clausen 25.01.2019.

Vedtaket er gjort i samsvar med jordlova §§ 9 og 12 og delegert mynde.

*Vedtaket kan klagast inn til **fylkesmannen.** Klagefristen er 3 veker frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan utløpet av fristen.*

Klaga skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket. Gje opp vedtaket det vert klaga over, den eller dei endringane du ønskjer og dei grunnane du har for å klage. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, må du også gje opp når denne meldinga kom fram.

Søknaden blir endeleg avgjort i samsvar med plan- og bygningsloven ved Nissedal kommune, interkommunalt plankontor. Kviteseid kommune sender faktura for behandlingsgebyr kr 2600, som gjeld for behandlinga både etter jordlova og plan- og bygningsloven.

Med helsing

Peter Rieber-Mohn
landbruksrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendast utan signatur.

Kopi til:

Nissedal kommune - Kviteseid kommune, Interkommunalt plankontor	Treungvegen 398	3855	Treungen
Bjørn Thomsgård	Bølstadtunet 2	3430	SPIKKESTAD

Nissedal kommune

Arkiv:	L44
Saksmappe:	2019/370-1
Sakshandsamar:	Sveinung Seljås
Dato:	13.03.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	27/19	21.03.2019

N - Bruksendring - frå fritidsbustad til heilårsbustad - saksbehandlingsprinsipp

Vedlegg:

- Forslag til retningsliner for bruksendring, Kviteseid kommune

Fakta i saka:

Kviteseid kommune behandla på generelt grunnlag ei sak om bruksendringar frå fritidsbustader til heilårsbustader. Saka resulterte i eit vedtak om at det i samband med rulleringa av kommuneplanen skulle utarbeidast retningsliner for slike bruksendringar. Fordelen med å knytte desse til kommuneplanprosessen var å få ei breiast mogleg høyring av temaet.

Ved utarbeiding av retningslinene blei det sett på tilsvarande arbeid i andre kommunar (Sirdal, Bykle, Vinje, Hemsedal og Trysil). Via Byr-programmet blei også Asplan Viak engasjert for å avklare dei planfaglege utfordringane ved slike bruksendringar. Gjennom arbeidet som blei gjort og førespurnadene som blei sendt, blei det klarlagt at det ikkje er plantekniske grep som enkelt løyser denne problemstillinga. Til dømes vil det ikkje vere mogleg å kombinere føremålet heilårsbustad/fritidsbustad direkte over same arealet (tomta) i reguleringsplankartet.

I arbeid med enkeltsaker av denne typen, har plankontoret også vore i kontakt med Skatteetaten. E-post derifrå slår fast at Skatteetaten som folkeregisterførar ikkje fører kontroll med om bruk av bygget det blir meldt flytting til, dvs til bruk som heilårsbustad, vil vere i strid eller samsvar med kva kommunen har registrert bygget som i matrikkelen.

Ordføraren har bedt om at det blir lagt fram ei tilsvarande sak i Nissedal kommune.

Vurdering:

Det synest klarlagt at det er kommunen som sit med ansvaret for å føre kontroll med om flyttemelding skjer til bygg i samsvar eller strid med planføremålet/byggeløyvet for bygget. Særleg at kommunen ikkje automatisk blir varsla om slike avvik, synest å vere ei overrasking i fleire enn plankontorets kommunar.

Både notatet frå Asplan Viak og tilbakemeldingane frå kommunane legg til grunn at det må søkast dispensasjon frå planføremålet (fritidsbustad), jf. plan og bygningslova (pbl) § 19-2 (varig) eller §19-3 (mellombels) og bruksendring etter pbl §20-1 d), eventuelt fylgd av dispensasjonssøknad frå TEK-krav.

Slike søknader har kommunen alt hatt nokre av. Spørsmålet som gjer at saka er reist, er om kommunen ved å utarbeide retningsliner eller vegleiar for slike saker, kan gjere behandlinga enklare og meir føreseieleg. Som det gjekk fram av svara frå kommunane, blir dette praktisert nokså likt. Av desse synest likevel Trysil kommune å ha formalisert søknadsrutinane klarast,

ved at det er knytt retningsliner for bruksendringsdispensasjonar til arealdelen i kommuneplanen. Nissedal kommune er nå i gang med rulleringa av kommuneplanen. Rådmannen vil difor tilrå at det blir gjort eit tilsvarande grep her.
Vidare drøfting vil gå på kva retningslinene skal innehalde, og kor dei skal gjelde, med eventuell innhaldsdifferensiering.

Innhaldet i retningslinene
Det kan bli gitt dispensasjon for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad som mellombels dispensasjon, jf. pbl §19-3. Dispensasjonstidsromet blir knytt til søkars eigartid av fritidsbustaden, og til den tida søkar har denne som si bustadadresse. Dersom fritidsbustaden skal leigast ut, blir tidsromet for dispensasjonen knytt til tida leigetakar har fritidsbustaden som si bustadadresse. For å kunne få slik mellombels dispensasjon, må fylgjande krav vere oppfylte/ gjelde for hovudhytta:

• Ha innlagt vatn
• Ha avløpsløysing som tilfredsstiller kravet for heilårsbustad, dette må dokumenterast.
• Ha vinterbrøytt veg
• Ligg hytta langs bomveg, skal offentlege instansar som politi, brann, ambulanse, heimetenester eller liknande ha gratis tilgang (nøkkel, kort etc.)
• Dokumentere radon-konsentrasjon under grenseverdiar for heilårsbustad.
• Fylgje renovasjonsordninga på staden, men betale renovasjonsgebyr som for heilårsbustad.
• Ha avtale om feiing som for heilårsbustad.
• Må oppfylle byggtekniske brann- og rømmingskrav til heilårsbustad, jf. TEK10/TEK17.

Avgrensing av kor retningslinene skal gjelde
Utgangspunktet må vere at alle fritidsbustader som oppfyller krava sett i avsnittet over, skal kunne få dispensasjon for bruksendring. Det er derimot ikkje slik at alle har krav på å få ein slik søknad innvilga. Det må i så fall skje etter ei individuell vurdering der både staden fritidsbustaden ligg, og livssituasjonen til søkar, nåverande og mogleg framtidig, må kunne telje med.
I tillegg til kravet om at søkar som eigar av fritidsbustaden eller ved leigetakar må ta fritidsbustaden i bruk som sin bustad, dvs må sende flyttemelding til denne bustaden, bør fylgjande forhold vurderast og vektleggast:
• Om det er trygg skuleveg mellom bustaden og skule.
• Om tilflytting utløyser ekstra skuleskyss.
• Om tilflytting utløyser eller i framtida kan utløyse krav om heimetenester der kostnadene kan bli uhøveleg byrdefulle for kommunen, t.d. lang/vanskeleg ekstrakøyring.

Ut frå desse kriteria, og ut frå målsetjinga om forenkling, bør det kunne gå fram av retningslinene geografiske avgrensingar der mellombels dispensasjon for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad alltid skal innvilgast dersom punkta nemnde i avsnittet om innhaldet i retningslinene er oppfylte/kan oppfyllast. Behandling av slike søknader bør då kunne skje administrativt. Fylgjande område i kommunen synest å vere aktuelle i så måte:

-Alle høgstandard hytter langs RV41 (≤ 1000 m bilveg frå RV41)
-Alle høgstandard hytter langs Fjonevegen (≤ 1000 m bilveg frå Fjonevegen)
-Reguleringsplanområdet Slokdalsfjellet.
-Reguleringsplanområdet Kjetilåsen.

Høgstandardfelta på Kyrkjebygdheia, Gautefallheia, Solheia/Utsjå og andre høgstandardfelt på Felle/Skåli blir sett på som mindre egna for fast busetjing, vesentleg fordi lang avstand til skulen vil telje negativt. I desse felta bør søknader om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad få ei individuell behandling, og der saka blir avgjort politisk.

--- start på innstilling – la stå ---

Rådmannen si tilråding:

Framstillinga i denne saka skal danne grunnlag for å vedta retningsliner for dispensasjon (mellombels) for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad. Retningslinene blir knytt til arealdelen i kommuneplanen, og blir innarbeidd ved rulleringsprosessen for planen i 2019. Søknader om dispensasjon for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad fram til rullert kommuneplan er vedtatt, blir behandla politisk, og i samsvar med kva som er tilrådd i denne saka.

Retningsliner for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad

(Stadfesta av kommunestyret, jf. sak 0xx/19. Retningslinene er av rettleiande karakter og kan ikkje nyttast som heimel for vedtak.)

Innhaldet

Det kan bli gitt dispensasjon for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad som mellombels dispensasjon, jf. pbl §19-3. Dispensasjonstidsromet blir knytt til søkars eigartid av fritidsbustaden, og til den tida søkar har denne som si bustadadresse. Dersom fritidsbustaden skal leigast ut, blir tidsromet for dispensasjonen knytt til tida leigetakar har fritidsbustaden som si bustadadresse. For å kunne få slik mellombels dispensasjon, må fylgjande krav vere oppfylte/ gjelde for hovudhytta:

- Ha innlagt vatn
- Ha avløpsløysing som tilfredsstiller kravet for heilårsbustad, må dokumenterast.
- Ha vinterbrøytt veg
- Ligg hytta langs bomveg, skal offentlege instansar som politi, brann, ambulanse, heimetenester eller liknande ha gratis tilgang (nøkkel, kort etc.)
- Dokumentere radon-konsentrasjon under grenseverdiar for heilårsbustad.
- Fylgje renovasjonsordninga på staden, men betale renovasjonsgebyr som for heilårsbustad.
- Ha avtale om feiing som for heilårsbustad.
- Må oppfylle byggtekniske brann- og rømmingskrav til heilårsbustad, jf. TEK10/TEK17.

Avgrensing av kor retningslinene skal gjelde

Utgangspunktet må vere at alle fritidsbustader som oppfyller krava sett i avsnittet over, skal kunne få dispensasjon for bruksendring. Det er derimot ikkje slik at alle har krav på å få ein slik søknad innvilga. Det må i så fall skje etter ei individuell vurdering der både staden fritidsbustaden ligg, og livssituasjonen til søkar, nåverande og mogleg framtidig, må kunne telje med. I tillegg til kravet om at søkar som eigar av fritidsbustaden eller ved leigetakar må ta fritidsbustaden i bruk som sin bustad, dvs må sende flyttemelding til denne bustad, bør fylgjande forhold vurderast og vektleggast:

- Om det er trygg skuleveg mellom bustaden og skule.
- Om tilflytting utløyser ekstra skuleskyss.
- Om tilflytting utløyser eller i framtida kan utløyse krav om heimetenester der kostnadene kan bli uhøveleg byrdefulle for kommunen, t.d. lang/vanskeleg ekstrakøyring.

Ut frå desse kriteria, og dersom punkta nemnde i avsnittet om innhaldet i retningslinene er oppfylte/kan oppfyllast, skal mellombels dispensasjon for bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad alltid innvilgast. Behandling av slike søknader bør då kunne skje administrativt. Fylgjande høgstandard hyttefelt i kommunen oppfyller desse vilkåra:

- Reguleringsplanområdet Furuheim hyttegrend
- Reguleringsplanområdet Eidsto hyttefelt
- Reguleringsplanområdet Vrådal hotell og hyttepark
- Reguleringsplanområdet Straumsnes (g/bnr 14/55)
- Reguleringsplanområdet Fossøy (dersom gangveg over slusa er rekna som sikker skuleveg.)

Høgstandardfelta i Vrådal skisenter, Straumen I-II og Vrådal hyttegrend blir sett på som mindre egna for fast busetjing. Dette er mest grunngjeve med utrygg skuleveg (manglande g/s-veg). Det same vil gjelde andre høgstandardfelt i kommunen der i tillegg lang avstand til skulen tel negativt. I desse felta bør søknader om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad få ei individuell behandling, og der saka blir avgjort politisk.

Nissedal kommune

Arkiv:	026
Saksmappe:	2016/1328-16
Sakshandsamar:	Jan Arvid Setane
Dato:	11.03.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Administrasjonsutvalet	1/19	21.03.2019
Formannskapet	28/19	21.03.2019
Kommunestyret		03.04.2019

Interkommunalt samarbeid mellom Nissedal og Kviteseid - felles rekneskapskontor

Fakta i saka:

Formannskapa i Nissedal og Kviteseid har i fleire saker drøfta mogleg utvida samarbeid mellom kommunane. I felles formannskapsmøte 25.april 2018 vart det diskutert moglege nye samarbeidsområde, og i formannskapet 18.oktober 2018 vart det gjort vedtak m.a. knytt til fagområdet rekneskap slik: «For fagområdet rekneskap utarbeider administrasjonen ei sak til kommunestyra om omfang og lokalisering av felles rekneskapsavdeling mellom kommunane.»

Her låg fylgjande vurdering frå rådmannen til grunn:

«Vurderingane så langt tek utgangspunkt i at samarbeidet skal omfatte "fagansvar for rekneskap". Eit slikt fagansvar handlar i stor grad om å sjå til at lov og forskrift vert fylgd. Det leggjast til grunn at samarbeidet må omfatte alle rekneskap (kommune, kyrkje, ppt). Vidare ser ein at dagens organisering inneber at også ansvaret for "rekneskaps-systemet" bør fylgje med. Arbeidet med budsjett bør framleis ligge i den einskilde kommune.

Det må på eit seinare tidspunkt avklarast/avgrensast:

- *økonomistyring vs. rekneskap*
- *kontrollerfunksjonen*
- *rådgjevar/økonomikonsulent for ytre einingar*
- *inngåande fakturaer (EHF og Scan)*
- *kostra-ansvar*
- *bank (kven skal ha disposisjonsrettar)*
- *om alt innan fakturering skal haldast utanom, eller om det er visse funksjonar ein vil vere tent med å samarbeide om*

Samarbeidet på lønsområdet har heile tida fungert veldig bra. Dette bør kunne overførast til rekneskap.

Det er vanskeleg å sjå føre seg økonomiske gevinstar/stordriftsfordelar. Den største gevinsten er kanskje ei meir "robust" organisering, både gjennom større fagmiljø, større stillingar som opnar for å meir reindyrke kompetansekrav ved rekruttering.

Det er heilt avgjerande at ein får til ei standardisering, der ein nyttar "beste praksis"-prinsippet, alternativt at ein ser nye måtar å løyse dagens oppgåver på.

Ein kan tenke seg at eit samarbeid vil medføre at ein blir mindre sårbar ved fråfall av bemanning. Dette føreset ei medviten haldning til å bygge kunnskap på meir enn 1 person på alle område. For stor grad av spesialisering vil gjere oss meir sårbar.

Det er også ein viss fare for at ein mister "smådrifts-fordelar" som nærleik til einingane og detalj-kunnskap om rekneskapstala.

Arbeid med rekneskap ber preg av høg aktivitet i korte periodar, spesielt årsavslutning, og det kan bli ei utfordring å legge ansvaret for fem rekneskap til ein kommune.

Arbeidet må truleg baserast meir på definerte prosedyrar og fristar, og ein får eit meir "rigid" system, men dette treng ikkje nødvendigvis vere negativt.

Konklusjon:
Rekneskapsfunksjonen er eit område som kan eigne seg for eit formelt samarbeid, der mynde overførast til vertskommunen»

Vurdering:

Rådmennene har arbeidd vidare med saka og kjem nå med framlegg til felles vedtak i begge kommunar.

Lokalisering:
- Kompetanse
Kompetansen innanfor rekneskap er for tida god i både Nissedal og Kviteseid. Det er likevel slik at Kviteseid på kort sikt har ei utfordring med økonomisjef som går av med AFP, og ein økonomikonsulent ute i permisjon. Det er usikkert om økonomikonsulenten kjem tilbake etter permisjonstida. Nissedal har god kompetanse på området, og er godt rusta til å ta på seg vertskommunerolla.
- Nærleik til lønn
Det vil vere ein stor fordel å samle arbeidet med lønn og rekneskap ein stad. Med eit etablert lønssamarbeid i Nissedal, er det fornuftig å plassere rekneskapsavdelinga på same staden.

Omfang:
Det er så tidleg i prosessen vanskeleg å lage ei utfyllande liste over arbeidsoppgåvene som skal inngå i eit samarbeid. M.a. er det mange oppgåver som grensar til rekneskap, utan at ein nødvendigvis definerer det som ein del av rekneskapsansvaret. Vidare er kommunane ulikt organisert, og oppgåvene vert i dag løyst på forskjellige måtar. Rådmennene legg til grunn at fagansvaret for rekneskap og systemansvaret for rekneskapssystemet vert lagt til samarbeidet, men kva oppgåver ein i detalj skal samarbeide om, må kome fram av ei mykje meir detaljert vurdering. Nokre avgrensingar har rådmennene likevel alt gjort:

Utarbeiding og oppfylging av budsjett bør framleis ligge i den einskilde kommune. Dette er eit arbeid som i stor grad handlar om å styre ressursbruken, og involverer politisk nivå i stor grad.

Samarbeidet må ha ansvar for alle verksemdene, dvs. 2 kommunerekneskap, 2 kyrkjerekneskap og 1 interkommunalt rekneskap (ppt).

Område der ein må gå meir i detaljar før ein kan konkludere er m.a.

- utgåande fakturering og betalingsoppfylging
- handtering av inngåande fakturaer i fakturaflyt
- handtering av kontantar
- handtering av banktransaksjonar, disposisjonsrettar, bankavstemming
- handtering av mva
- sjølvkost-berekningar
- rapportering, både internt og eksternt

Fordeling av kostnader:
Samarbeida mellom Nissedal og Kviteseid innanfor lønn, skatt, landbruk og plan er i hovudsak fordelt etter innbyggartal. Pr. 01.01.2019 er folketalet i Kviteseid 2403, og i Nissedal 1476. Dette gir ein prosentvis fordeling på 62% på Kviteseid kommune og 38% på Nissedal kommune. Rådmennene tilrår same fordelingsprinsipp for rekneskapsarbeidet. Kviteseid kommune har i dag teke på seg rekneskapsføring for fleire interkommunale samarbeid. Her legg ein til grunn at kjernefunksjonane overførast Nissedal, på same økonomiske vilkår som Kviteseid har hatt. Kven som skal gjere kva utover kjernefunksjonane, må avklarast i arbeidet som kjem.

Gjennomføring:
Eit naturleg tidspunkt for å starte samarbeidet vil vere 01.01.2020, men at kvar kommune tek ansvar for å avslutte rekneskapa for 2019 i eigenregi.
Det er svært mykje som skal avklarast i tida fram til då. Ikkje minst må det jobbast mykje med å standardisere mest mogleg, og det må vurderast om dagens verktøy også dekker behovet eit slikt samarbeid vil få. Med erfaring frå kva den enkelte kommune har avsett av ressursar i dag, synast det som klart at Kviteseid kommune minimum nyttar 1 årsverk til kjerneoppgåvene. Dette svarar til omlag 0,6 årsverk i Nissedal, dersom ein legg til grunn same fordelingsprinsipp som ein nyttar for dei andre tenesteområda det samarbeidast om (folketal).
Rådmennene ser det som avgjerande å få styrka bemanninga med 1 årsverk så snart som råd, slik at det er rom for å drive fram prosjektet som må til nå i 2019. Utover ekstra lønskostnader må det påreknast prosjektkostnader i form av konsulentbistand og kanskje investeringar i nye verktøy, men det er for tidleg å sei noko om omfang. Det vert lagt til grunn at i ordinær drift skal samla ressursinnsats ikkje vere høgare enn i dag.
Parallelt med rekrutteringsprosess må rådmennene avklare meir i detalj fordeling av oppgåver og ansvar, og det er eit lovkrav at alt regulerast i ei samarbeidsavtale, som kjem opp til politisk handsaming når den er klar.

Rådmannen si tilråding:

1. Nissedal og Kviteseid kommune etablerer eit forpliktande samarbeid innan fagområdet rekneskap.
2. Samarbeidet organiserast som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter § 28-1b i kommunelova, med Nissedal kommune som vertskommune.
3. Samarbeidet skal ha ei minimumsbemanning på 1,6 årsverk, og Nissedal kommune lyser snarast råd ut 100% stilling innan fagområdet rekneskap.
4. Kostnader vert fordelt etter folketal pr. 01.01. det enkelte år.
5. Rådmennene får i mandat å utarbeide endeleg samarbeidsavtale.
6. Prosjektkostnader i 2019 vert å finne dekning for i tertial-rapportane.

Nissedal kommune

Arkiv:	A22
Saksmappe:	2019/325-1
Sakshandsamar:	Jarle Bruun Olsen
Dato:	01.03.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	29/19	21.03.2019
Kommunestyret		03.04.2019

Vurdering av behovsvurdert redusert foreldrebetaling – SFO

Fakta i saka:

I handlingsprogrammet for 2019 står det under spesielle tiltak/endringar 2019 under sentral leiing:

- *Greie ut føremål og konsekvensar ved behovsvurdert redusert foreldrebetaling for SFO*

For foreldrebetaling i SFO står kommunen fritt til å setje nivå og det er heller ingen krav til søskenmoderasjon eller andre føringar/begrensingar på korleis foreldrebetalinga skal innrettast. Dette i motsetning til foreldrebetaling i barnehage det staten kvart år sett ein maksimumspris på foreldrebetaling og det det er sett krav til søskenmoderasjon. I tillegg er det eigne reglar for husholdningar med låg inntekt.

Vurdering:

Dersom ein skulle legge opp til ei behovsvurdert foreldrebetaling, eller differensiert foreldrebetaling etter familieinntekt, ville det vere svært nærliggande å tenke seg ein modell tett opptil det som er gjeldande for foreldrebetaling i barnehage.

Kort oppsummert er denne slik:

- Staten sett kvart år ein maksimumspris. (For tida er denne for ein heildagsplass kr 2.990 pr. månad . Frå 01.08.19 – kr 3.040).
  (Nisssedal kommune, har som dei fleste andre kommunar, lagt eigenbetaling lik maksimumsprisen, sidan ordninga med maksimumspris blei innført).

- Søskenmoderasjon på 30% for fyrste søsken og 50% for andre søsken(born nr. 3 og evt. fleire)

- Ingen skal betale meir enn 6% av inntekta si til foreldrebetaling i barnehage. For barnehageåret 2018/2019 gjelder dette husholdningar med ei samla familieinntekt som er lågare enn kr 541.500 (brutto).

- Alle 3, 4 og 5 åringar som bor i husholdningar med låg inntekt (familieinntekt under kr 533.500) har rett på gratis kjernetid, definert til 20 timar gratis opphaldstid per. veke.

(Her kan ein merke seg at frå august 2019 blir inntektsgrensene på desse 2 ordningane som er knyt til familieinntekt samkøyrt).

- I tillegg har kommunen oppretthalde ordninga med ein eigen sats for dei som har ei familieinntekt på under 3G. (for tida kr 290.649). Det kom for nokre år sidan (før ordningane nemnd over) eit krav om at kommunane måtte ha ei ordning for redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt. Det blei då opp til kvar kommune å utforme denne ordninga. Det blei fatta eit eige kommunestyrevedtak korleis denne ordninga skulle utformas. Dei som kjem under denne ordninga betalar kr 400 i månaden for ein heildagsplass (45 t. i veka), og høvesvis nedover for deltidsplass til kr 175 for inntil 18 t. i veka.

I budsjett for 2019 er det vedteke at månadleg pris for ein SFO-plass (opptil 20 timar i veka) er kr 1.510. Snittpris i heile Norge var kr 2.427 og for Telemark kr 2.450, for tilsvarande tilbod. Dette er tal for skuleåret 2017/2018. Nissedal hadde i 2017/2018 då kr 1.435 (snitt 2017 og 2018) i foreldrebetaling. Med andre ord ligg Nissedal kommune si foreldrebetaling SFO på omlag 58% av snitt Telemark og landet. Det finnast døme på kommunar i Telemark som ligg på dobbelt nivå av det nivået vi har i Nissedal. Med andre ord er det grunnlag for å seie at vi har eit svært moderat nivå på SFO-betalinga i kommunen. Ein kunne då vurdere det slik at eit slikt lågt nivå på SFO-betalinga, gir mindre grunnlag for å innføre behovsvurdert redusert foreldrebetaling i SFO.

I dag er det ca. 22% av borna i barnehagen som får redusert sats. Ein legg til grunn at dette ville vere overførbart til SFO. (Det er då lagt til grunn at ein skulle nytte same grenseverdiar som i barnehage. Noko anna ville vere lite oversiktleg både for foreldre og dei som skulle administrere ei slik ordning). I 2018 kom det inn kr 480.000 i foreldrebetaling i SFO. Redusert sats i barnehage utgjer 13,4% av ordinær sats. (Det er då tatt utgangspunkt i lågaste nivå på ordninga for dei med inntekt under 3G). Om ein skulle legge til grunn same reduksjon i sats i SFO ville dette gje ein reduksjon i inntekter på kr 90.000. Det ville seie at redusert sats for SFO ville utgjere omlag kr 200 pr. månad. Dersom ein la til grunn same kronesum pr. månad i redusert betaling som for barnehage (kr 400 pr. månad for 20 t.v.) ville dette gje eit bortfall av inntekter på omlag kr 70.000. Det ville kanskje framstå som meir likt ordningane i mellom om ein la til grunn at same kronesum skulle nyttast, dersom ein skulle velje å innføre ordning med behovsvurdert redusert foreldrebetaling også i SFO.

Ordninga med redusert foreldrebetaling i barnehage har synt seg svært arbeidskrevjande. Einingsleiar barnehage må bruke mykje administrativ tid til sakshandsaming og innhenting av dokumentasjon i høve til denne ordninga. Dette vil sjølvsagt auke vesentlig om ein skulle utvide ordninga. Det ville sjølvsagt vere mange av dei same foreldra som ville nyte godt av båe ordningane, slik at ein allereie ville ha dokumentasjonen på plass for desse. Men det vil utan tvil vere ei arbeidskrevjande ordning å innføre/utvide.

Bakgrunn for at dette punktet kom inn i handlingsprogrammet for 2019 var vel primært at dette blei vurdert som eit mogleg tiltak for å motverke aukande barnefattigdom. Det bør ikkje vere familieøkonomien som avgjer om eit barn skal delta på SFO eller ei. Ein ser at talet på born som nyttar gratistilbodet på SFO (i høve til gratis leksehjelp) er høgare enn dei som nyttar seg av SFO ordinært. Dette kan tyde på at interessa for å nytte seg av det ordinære SFO-tilbodet eigentleg er høgare enn dei som vel å nytte dette i dag og at nokon foreldre kanskje vel dette bort av økonomiske årsaker. SFO kan vere ein viktig del av eit godt integreringsarbeid for flyktningborn. Flyktningfamiliar vil i stor grad ligge under nemnde inntektsnivå for å kome inn under ordninga så lenge dei er med i introduksjonsprogrammet (som er obligatorisk). Men som ein ser at tala frå barnehage (22% av borna kjem frå ein familie med inntekt under kravet for å kome inn under ordninga), så er det og fleire andre born som og ville få høgna mulighet til å nytte SFO-ordninga. Noko som ein må tru ville verke sosial utjamnande.

Innføring av ordning med behovsvurdert redusert foreldrebetaling kan føre til at auken i bruken av SFO auker meir enn kapasiteten er i dag. Med andre ord at ein må auke bemanninga i SFO og at innføring av denne ordninga slik sett vil generere auke i lønsutgiftene. Pr. i dag er er kapasitetsutnyttinga i SFO slik at det er rom for å ta inn nokre fleire born utan at bemanninga må styrkast. Det vil derfor truleg ikkje vere ei problemstilling at innføring av ei slik

behovsvurdert redusert foreldrebetaling vil utløyse behov for auka bemanning i SFO. Og om dette skulle skje, så var vel dette i så fall ei understreking av av det var stort behov for ei slik ordning.

Av born mellom 6-9 år nyttar 45,1% seg av tilbod om SFO her i kommunen. For landet under eitt er dette 57%. Ca. 1/3 av SFO-tilbod i landet har ei ordning med inntektsgradert betaling. Årsaken til at færre enn landsnittet nyttar seg av SFO i Nissedal kan nok i større grad forklarast med forskjell mellom sentrale strøk og mindre sentrale strøk i landet, enn mangel av ordning kring behovsvurdert redusert foreldrebetaling. Men når ein såpass stor andel som 1/3 av SFO på landsbasis tilbyr ei slik ordning, så skal ein ikkje sjå bort ifrå at dette kan innverke på talet for nytting av eit SFO-tilbod.

I tala over i høve til bortfall av inntekter/kostnader ved ei innføring av behovsvurdert redusert foreldrebetaling, så er det ikkje teke omsyn til evt. reduserte utgifter på NAV. Til tider blir SFO-utgifter dekt som del av økonomisk sosialhjelp. Ein har ikkje noko tal på omfanget av dette, men det er grunn til å tru at dekning av SFO-utgifter over sosialbudsjettet ville blir redusert ved innføring av ei ordning med redusert foreldrebetaling på SFO. Dette ville, til ein viss grad, «motverke» argumentet med auka saksbehandling for skule, ved at sakshandsaming på NAV kunne bli redusert.

I utgangspunktet kostar ein SFO-plass her i kommunen halvparten av ein barnehageplass. Dette gjer til at behovet for å vurdere behovsvurdert foreldrebetaling for SFO er mindre enn det er for barnehage. I og med Staten har innførd maksimumspris og krav om redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt, så kunne ein lese dette som at Staten meiner det er mindre viktig å legge til rette for låginntektsfamiliar kan nytte seg av SFO enn barnhage.

Dersom ein skulle meine at det er rett å innføre ei ordning med behovsprøvd redusert foreldrebetaling i SFO er det eit mål , som nemnd over , at den ligg tett opptil ordninga som gjeld for barnehage. Samstundes kunne det vere ein fordel å legge opp til ei ordning som var litt enklare å praktisere enn kva som er høve for barnehage-ordningane. Ordninga med inntekt under 3G vil famne om svært få. Utrekning av foreldrebetaling etter «6%-grensa» er noko komplisert. Men ein kunne t.d. legge til grunn inntektsgrensa for å kome inn under «6%-ordninga» (kr 533.500 i familieinntekt frå 01.08.19) og seie at dei skal betale ein same sats for ein heiltidsplass i SFO som ein heiltidsplass i barnhage (kr 400 i månaden).

Oppsummert blir det å vurdere auke i utgifter, auke i administrasjonsarbeid, det ein kan sjå på føringar frå Staten i høve til mindre behov for spesielle ordningar for foreldrebetaling på SFO opp mot moglege positive effektar ei slik ordning ville ha som eit bidrag inn mot førebygging av barnefattigdom, sosial utjamning og integreringsarbeid.

Søskenmoderasjon er innført i SFO på line med det som er kravet for barnehagebetaling. Men det er ikkje ei «kopling» mellom foreldrebetaling i SFO og barnehage. Det vil seie at dersom du har eit barn i SFO og eit barn i barnehage, så får du ingen søskenmoderasjon. Bakgrunnen her er nok i hovudsak at det er to ulike administrative einingar som handsamer SFO og barnehage og at det av den grunn har vore noko utfordrande å administrere dette. Men det opplevast nok som litt underlig for ein familie med to barn at dei får søskenmoderasjon i barnehagen. Så kjem det ein periode der eit barn går i barnehage og eit i SFO. Då er det ingen «rabatt». Så kjem etterkvart båe borna over i SFO, så blir det «rabatt» att. Her bør ein kanskje vurdere å gje søskenmoderasjon på «tvers» av SFO/barnehage. I andre samanhengar der det blir gitt «rabatt» er det ofte det rimelegaste produktet det blir gitt rabatt på. Det ville då bli gitt søskenmoderasjon på bornet som går i SFO og full pris på bornet i barnehage. Dei økonomiske konsekvensane at dette vert vurdert til å vere marginale for kommune, men vil nok bety litt for dei som ville bli omfatta av ordninga.

Behovet for gratis kjernetid vert ikkje vurdert til å vere heilt samanliknbart for barnehage og SFO. Gratis kjernetid i barnehagen var vel i stor grad motivert utifrå å legge betre til rette for at fleire born skulle få tilbod som gav pedagogisk/sosial utvikling. For barn som er på skulen store

delar av dagen, må ein tru at dette argumentet har mindre gyldighet. Ei slik ordning ville og rette seg mot alle born som nyttar seg av SFO og slik sett bli mindre målretta og meir kostnadskrevjande.

Både i SFO og barnehage er det tilbod om kjøp av enkeltdagar. Dette kan vere dagar i august fram til skulestart og i juni etter skuleferie har byrja, for SFO. Eller det kan vere ekstra dagar ved deltidstilbod i barnehagen. Kjøp av ekstradagar kostar i dag kr 215 i SFO og kr 370 i barnehagen. Det har til nå ikkje vore ein eigen sats for kjøp av enkeltdagar for dei som kjem inn under ordninga med redusert sats. Det har heller ikkje vore etterspurd, derfor har dette kanskje ikkje heller blitt vurdert. Men for dei som kjem inn under denne ordninga, blir det vel noko ulogisk å betale kr 370 for ein ekstra dag i barnehagen når ein fulltidsplass kostar kr 400 for ein månad. Her bør ein vurdere å innføre eigen sats for kjøp av ekstradagar for dei som kjem inn under ordninga med redusert foreldrebetaling i barnehage og også i SFO om ein skulle velje å innføre det.

Rådmannen si tilråding:

1. Det vert innført behovsvurdert redusert foreldrebetaling på SFO i kommunen. Familiar som oppfyller kravet for gratis kjernetid i barnehage og skal betale maksimum 6% av inntekta i barnehagebetaling (kr 533.500) skal betale kr 400 for ein fulltidsplass i SFO, 13-20 timar. For deltidsplassar er prisane kr 310 – 7-12 t/v, kr 235 – 4-6 t/v, kr 175 – 0-3 t/v. Ordninga gjeld frå skuleåret 2019/2020. Satsar for redusert foreldrebetaling i SFO blir vedteke kvart år i samband med budsjettet
2. Frå skule-/barnehageåret 2019/2020 vert det rekna søskenmoderasjon uavhengig av om borna er i SFO eller barnehage. Nærare reglar/detaljar kring dette vert innarbeidd ved neste rullering av vedtekter for SFO og barnehage.
3. For dei som kjem inn under ordninga med redusert behovsvurdert foreldrebetaling, skal det ved kjøp av ekstradagar i SFO/Barnehage betalast ein sats på kr 50 pr. dag. Sats for dette vert framover sett i samband med budsjettvedtak kvart år, på line med andre satsar for SFO/Barnehage.
4. Det vert ikkje innført ordning med gratis kjernetid i SFO.
5. Økonomisk effekt av tiltaka over vert å innarbeide i samband med handsaming av 1. tertial.

Nissedal kommune

Arkiv:	A10
Saksmappe:	2019/361-1
Sakshandsamar:	Gro Turid Midtsund
Dato:	12.03.2019

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	30/19	21.03.2019
Kommunestyret		03.04.2019

Uteområda i barnehagane i Nissedal kommune

Vedlegg:

1 Behovsliste for uteområdet Kyrkjebygda barnehage
2 Behovsliste for uteområdet i Felle barnehage
3 Behovsliste for uteområdet i Treungen barnehage
4 Behovsliste for uteområdet i Haugsjåsund barnehage
5 Budsjettskjema 2A og 2B

Fakta i saka:

I samband med behandlinga av budsjett og handlingsprogram for 2019-2022 vedtok kommunestyret at det skulle setjast av kr. 625 000,- til oppgradering av uteområda til barnehagane
Kommunestyret ønska ei sak der ein gjekk i gjennom behov for oppgradering av uteområda i dei ulike barnehagane, for så å legge fram ei disponering av pengane.
Styrarane har saman med dei tilsette – og samarbeidsutvala- i dei ulike barnehagane hatt ein gjennomgang av behova i dei einskilde barnehagane.
Behova har blitt meld tilbake tilbake til einingsleiar:

Her fylgjer dei ulike tilbakemeldingane i uprioritert rekkjefylgje:

<u>Felle barnehage:</u>

1. Barnehagen ynskjer ny asfalt på område frå porten og opp mot inngangen til barnehagen slik at denne kan nyttast til sykling. Ca 60 x 15 m. Det er og ønske opp oppmåling av sykkelvegar og gangfelt som vil vera med å lære borna korleis dei skal ferdast i i trafikken og stimulere til leik . Kr. 80 000,- inkl. mva.
2. Solskjerming i form av planting av trær og ev. hekk på område. Barnehagen har lite plassar med naturleg skygge noko som er utfordrande på solfylte dagar.
   Kr. 10 000, inkl. m.v.a
3. 2 stk leikehus som stimulerer til ulike typer rolleleik – kr. 7 750,- x 2 . inkl. mva.

Samla sum på Felle: kr. 105 500,.

<u>Kyrkjebygda barnehage:</u>

- Har behov for eit leikeapparat som kan nyttast av alle barna i oppvekstsenteret – også dei yngste barna.
  kr. 35 000,- inkl. mva.

Samla sum Kyrkjebygda barnehage: kr. 35 000,-

Haugsjåsund barnehage:

- Uteskur til vogner og til lagring av uteleiker.
  Et isolert vognskjul, med innlagt straum, glassdør og vinduer vil koste mellom kr. 250 000 – 350 000 inkl. mva. Denne summen er bygd på kostnadane kring vognskuret i Kyrkjebygda barnehage. - (19,3 m2)
  Uisolera redskapsbod er noko rimeligare. Mellom kr. 150 000 – 200 000 inkl. mva.
- Klatrestativ kr. 75 000,- med demping av matter inkl. mva.

Samla sum Haugsjåsund barnehage: kr: 325 000- 425 000,-

Treungen barnehage:

Samarbeidsutvalet har hatt møte om saka, og skal ha nytt møte i veke 14.
Samarbeidsutvalet har i hovedsak satt opp kva ynskjer dei har for uteområdet.
Div. Leikeapparat to alternativ:

- Lekolar : kr. 416 788,- inkl.mva.
- Milas kr. 404 633,- inkl. mva

- Matrialer til leikehytter og kasser til dyrking av grønsaker kr. 40 000,- inkl. mva
- Kompostbinge til produksjon av eige jord kr. 8 000,- inkl. mva
- Graving for å plassere 4 nye apparat kr. 20 000,- (usikker) inkl. mva
- Sand og bedre sandkassebasseng kr. 10 000,- (usikker) inkl. mva
- Bygge om og isolere uteterrasen til barnevognene kr. 200 000 – 250 000,- inkl. mva.

Samla sum Treungen barnehage: 683 000,-.

Fjone barnehage:

Fjone barnehage åpnar i august 2019. Det er sett av kr. 1 900 000,- i investeringsbudsjettet til barnehagen.
Kr. 250 000,- av denne summen er sett av til uteområdet.

Vurdering:

Alle barnehagane har meldt behov inn til styrargruppa. Barnehagane i Treungen og Haugsjåsund har i tillegg til å få oppgradere uteområdet, behov for å oppgradere uteskur/vognskur.
Barnehagane har mange barn som skal sove i ein del av den tida dei er i barnehagen. Ein har ikkje tilfredsstillande oppbevaring av vognene når dei ikkje er i bruk.
I Treungen barnehage kan det vera inntil 15 barn som skal sove i vogn.
I dag blir det nytta ein overbygd terrasse til dette. Vognene blir ståande ute gjennom heile året – i all slags vær.
Dette fører til at vognene blir rå og kalde. Dette er ikkje tilfredsstillande. Og det skaper meirarbeid for tilsette med å ta inn og ut sengetøyet til barna kvar dag.
For å få ein permanent plass til vognene og utstyret barna må ha, tok eininga kontakt med teknisk avdeling tideleg vår -18 for å få ein kostnad på å isolere denne terrassen, og sette inn dobbel glassdør, - samt legge inn straum.
Kostnaden blei då stipulera til ca. 100 000,- .
I denne summen var det kalkulert at det meste av arbeidet skulle utførast av tilsette på teknisk.
I samråd med rådmannen ønska eininga å bruke disponibelt fond til desse utgiftene.
Dette blei ikkje gjennomført i 2018 på grunn av utskifting av personell på teknisk, og at dei for tida har mange arbeidsoppgåver. Det har ført til at dei ikkje kan utføre denne jobben nå .
Arbeidet må setjast bort til private.
Teknisk har fått tilbod frå ein privat aktør stipulera pris kr. 200 000,- 250 000,- inkl. m.v.a.

I samband endring av økonomireglementet hausten -18 blei alle disponible fond dei ulike einingane disponerte samla i ein felles buffer for kommunen.
Det er ikkje mogeleg for einingа å dekke denne kostnaden innanfor eigen ramme.

I Haugsjåsund barnehage har vognene stått inne i gangen over natta. Dette har barnehagen fått merknader på i samband med vernerundane, og ved branntilsyn fordi dei stenger for nødutgangen og er til hinder for reinhaldarane.
Barnehagen har heller ikkje rom for oppbevaring av uteleikene.
Noko av desse utfordringane kan ein løyse ved å kunne nytte øvre etasje av bygget. Denne delen blir ofte nytta av andre lag og organisasjonar, og det kan koma i konflikt med deira interesser.
Bygget er kommunalt og rådmannen meiner at ein kan finne ordningar slik at alle kan nytte denne delen av bygget.
Då må ein flytte gjerdet for å sette inn ein port ved inngangen til grendehuset.
På denne måten kan ein nytte bygget til oppbevaring av vogner og anna leikeutstyr.

I Treungen barnehage hadde einingа kr.100 000, - frå disponibelt fond i 2018 til dette prosjektet.
Då einingane sine disponible fond blei overført felles buffer i samband med med endring av økonomireglementet fylgde denne summen med.

Kostnadsramme for å utbetre vognskur i Treungen og Haugsjåsund barnehage:
Haugsjåsund: Flytte gjerde, og ny port inn til grend huset. Kr. 30 000,-
Treungen barnehage: Utbetre vognskuret kr. 210 000,-

Det er ønskeleg å prioritere eit godt leikemiljø for barna innanfor den summen kommunestyret har gitt til disposisjon til barnehagane.
Det er eit sterkt ønske om å legge til rette for gode leikeaktivitetar i dei ulike uteområda i barnehagane.
Ved ombygging av Treungen barnehage i 2011 blei leikeapparat fjerna på grunn av slitasje, og det var ikkje dekning for å kjøpe inn nye.
Dette er den største barnehagen i kommunen, og det er stor forståing i styrargruppa for at denne barnehagen bør prioriterast i denne tildelinga.

Denne saka har vore oppe i dei ulike samarbeidsutval og det er stor vilje hos foreldra i å legge inn ein dugnadsinnsats i arbeidet med områda.

Rådmannen har difor lagt til grunn to alternativ. I det eine alternativet ligg vognskur inne i disponibel sum, - i det andre er dette haldt utanfor:

Alternativ 1.
Haugsjåsund barnehage

Klatrestativ m/dempmatter	kr. 95 000,- inkl. mva.
Felle barnehage:	
Asfaltering av uteområde – lage sykkelstiar	kr. 80 000,- inkl. mva
Solskjerming, planting av hekk	kr. 15 000,- inkl. mva.
Kyrkjebygda barnehage	
Leikeapparat	kr. 35 000,- inkl. mva
Treungen barnehage:	
Utbetring av uteområde	
Større sandkasse	
Leikeapparat	
samla sum: :	kr. 400 000,- inkl. mva

Samla sum: kr. 625 000,- inkl. mva.

Alternativ 2.
I dette alternativet ligg løysing for vognskur i Treungen og Haugsjåsund barnehage

Haugsjåsund barnehage

Klatrestativ m/dempmatter	kr. 70 000,- inkl. mva.
Flytte gjerde o.l ny port	kr. 30 000,- inkl. mva.

Felle barnehage:

Asfaltering av uteområde – lage sykkelstiar	kr. 80 000,- inkl. mva

Kyrkjebygda barnehage

Leikeapparat	kr. 35 000,- inkl. mva

Treungen barnehage:

Vognskur	kr. 210 000,- inkl. mva.
Utbetring av uteområde	
Større sandkasse	
Leikeapparat	
samla sum: :	kr. 200 000,- inkl. mva

Samla sum: kr. 625 000,- inkl. mva.

Konklusjon:
Rådmannen meiner at summen kommunestyret ga eining for barnehage til disposisjon for utbetring av utområda skal gå til utbetring av leikemiljøet for barna.
Likevel ser rådmannen det svært viktig å finne ei løysing for å finne ei tilfredsstillande løysing med vognskur i Treungen og Haugsjåsund barnehage.
I Haugsjåsund barnehage kan ein finne løysing innanfor eksisterande bygg.
Treungen barnehage hadde ein forventning om at arbeidet med å isolere nåverande vognskur skulle bli gjort i 2018 med inndekning frå eigen disponibel buffer.
Rådmannen meiner at dette arbeidet må bli gjort i begge barnehagane, og at kostnadane til dette blir dekka ved å auke prosjektramma med kr 240 000,-.
Auke i ramme er finansiert ved å auke låneopptak med kr 192.000 og mva-refusjon på kr 48.000. Auke i låneopptak gjer til auke i kostnader til renter/avdrag frå 2020 på ca. kr 10.000.

Rådmannen si tilråding:

Avsett sum til oppgradering av uteområde i barnehagane, kr 625 000,- inkl.mva vert disponert slik (jf. alt 1):

Haugsjåsund barnehage

Klatrestativ m/dempmatter	kr 95 000,- inkl. mva.

Felle barnehage:

Asfaltering av uteområde – lage sykkelstiar	kr 80 000,- inkl. mva
Solskjerming, planting av hekk	kr 15 000,- inkl. mva.

Kyrkjebygda barnehage

Leikeapparat	kr 35 000,- inkl. mva

Treungen barnehage:

Utbetring av uteområde	
Større sandkasse	
Leikeapparat	
samla sum: :	kr 400 000,- inkl. mva

Samla sum: kr. 625 000,- inkl. mva.

Prosjektramme vert auka med kr 240.000, knyt til ved vognskur i Treungen barnehage kr 210 000,- , samt flytting av gjerde, og ny port i Haugsjåsund barnehage – kr 30 000,- .
Investeringsbudsjett for 2019 vert endra jf. vedlagte budsjettskjema 2A og 2B.

NISSEDAL KOMMUNE
Sak.nr. 19/361-2 Dato 12/3-19

Behovsliste for uteområdet Kyrkjebygda oppvekstenter, avdeling barnehage.

Når vi her kjem med ei lita ønskjeliste, har vi sett på små apparat som kan vere til glede og kan nyttast av alle barna på oppvekstsenteret, heilt frå dei yngste i barnehagen, men også for skulebarna.

Vi har stipulera kostnadane **til ca 30 000.**

Oppsettinga av apparata ser ikkje ut som blir dei største utgiftane, antakeleg kan dei gjerast på dugnad.

Mvh Marianne B Odden

13 400

5000

11500

X

NISSEDAL KOMMUNE
Sak.nr. 19/361-3 Dato 12/3-19

Behov og ønskjer for utbetring av uteområde i Felle barnehage 2019

I barnehagen sitt uteområde er det dei seinare åra blitt donert og arbeida på dugnad frå foreldre og andre i nærområde, som nyttar barnehagen sitt uteområde. Planlagt vår 2019 er å flytte port og minske inn område slik at inngangen til grendehuset skal vere utanfor barnehage sitt område, dette blir gjort på dugnad og Nissedal kommune betalar for gjerde.

Det er lite sol skjerming og lite plassar for barna og skjerme sin leik då det er eit uteområde som er stort, med store overflatar med sand som ofte blir store dammar på vår og haust, med meir enn 10 cm dybde. Deler av uteområde er dekt av gamal asfalt som er laus og har veldig ru overflate som ofte gjer at barna hektar sko og faller, det er også farleg når dei syklar.

1. Barnehagen har då eit ønskje om ny asfalt på område frå ny port opp mot inngangen til barnehagen, som kan nyttas til sykling og som blir lettare og halde i orden om vinteren, med tanke på brøyting og strøing ca. 60 x 15m (avhengig av kor stort område innanfor gjerde det blir). Det er også eit ønskje at den blir måla opp med sykkelvegar og gangfelt som er med på å lære barn korleis man ferdas i trafikken og stimulera til leik. (Nissedal ein trafikk sikker kommune). Evt legge asfalt på parkeringsplassen, då det berre er sand og mykje vatn der.
2. Sol skjerming i form av planting av trær og evt hekk på område mellom buss og leikestativ, og så/ legge ferdigplen som barna kan leke på. Barnehagen har lite plassar med naturleg skygge nok som er utfordrande for dei små på varme dagar.
3. Små leike hus som gjer at barna kan skjerme leik og som stimulera til ulike typar rolleleik.

Maria Odberg, styrar Felle barnehage

Treungen barnehage
Treungvegen 398
3855 TREUNGEN

NISSEDAL KOMMUNE
Sak.nr. 19/361-4 Dato 12/3-19

PLANER FOR UTEOMRÅDET - TILBOD

Vi er i planleggingsfasen for uteområdet. SU har hatt ett møte, og vil ha eitt nytt møte i veke 14. SU har i hovudsak satt opp kva for ynskjer som vi har for uteområdet. Det kjem både frå personalet og dei føresette. Eg har fått inn nokre tilbod på leikeapparat, og vil sjå på disse som eit utgangspunkt i det vidare arbeidet. Eg har plukka frå tilbod og satt saman til ein pakke. Nokre utgifter er per dato usikre.

Lek & lær		Milas	
Bjørnehulen leikeapparat	199 725,-	Elisabeth leikeapparat	194 350,-
Gummiheller underlag	54 000,-	Underlag	58 311,-
Balansebane	14 025,-	Motorikkbane	19 435,-
Fugleredehuske	27 400,-	Kråkereirhuske	20 897,-
Vippe	21 000,-	Vippe	18 746,-
Underlag fuglerede	17 280,-		
	333 430,-		311 739,-
Frakt			14 960,-
MVA	83 358,-	MVA	77 934,-
Total:	416 788,-	Total	404 633,-

I tillegg kjem materialar til leikehytter og kasser til dyrking av grønsaker : ca 40 000,-
Kompostbinge til produksjon av eiga jord (helårstype isolert) ca 8000,-
Graving for å plassere nye apparat ca usikkert
Sand for å betre sandbasseng ca usikkert

Styrar og SU ser for seg at kostnader vi ligge på rundt 500 000 for å få til det vi ynskjer.

Treungen 8.mars 2019

Asbjørn Aune
styrar

Leh & Lær

137050M
BJØRNEHULEN

M² 74,1	L: 12700 B: 10110 H: 3320
1+	1470





175535
FLORA BALANSEBANE

M² 0	L: 7020 B: 5490 H: 2290
3+	490

Lek & lar



175555
FLORA VOLTSTENGER

M² 16,7	L: 5390 B: 3800 H: 1950
5+	1580



175575
FLORA HUSKESTATIV FOR 2

M² 32	L: 8100 B: 3150 H: 2900
4+	1400

Underjords fundament uten utstøping kan utføres ved hjelp av grunnlagsplater.

Kjede 210 cm





87-LM310 Elisabeth, standard.....Kr. 199.900,-

87-LM310MF
Elisabeth, vedlikeholdsfritt.....Kr. 299.000,-

Fra 4 år | 10-20 barn | 1,9 m | 81,6 m² | 8,19 m | 7,46 m | 3,93 m

LE20704-U Robinia Motorikkbane, stor ..... **Kr. 77.000,-**

Tillegg for oljebehandling av treverket: Kr. 3.500,-

En flott motorikkbane som gir barna gode balansemotoriske utfordringer. Banen er satt sammen av følgende apparater:

1 stk Rambukk, 10 stk. balansedekk, 1 stk. hinder med 2 nett, 4 par stylter og 1 stk bjelkebro.

0,99 m

LE20702-U Robinia Motorikkbane, liten ..... **Kr. 29.90**

Tillegg for oljebehandling av treverket: Kr. 2.000,-

En litt enklere motorikkbane som også gir barna gode balansemotoriske utfordringer. Banen er satt sammen av følgende apparater:

1 stk skrå balansebom, 1 stk. vannrett balansebom, 1 stk bom 1,7 m., 2 stk. bom 1,5 m., 5 balansestubber og 6 balansedekk.

0,60 m 2 år 1,00 m

Fra 3 år

2 barn

0,85 m

17,7 m²

L 2,31 m

B 0,52 m

H 0,94 m



87-K106 Vippehuske m/fjær, kort..... Kr. 15.940,-



K102
Vippehuske m/fjær, lang .....Kr. 16.990,-

2 barn | 0,46 m | 23,5 m² | L 3,65 m | B 0,53 m | H 0.9 m





87-K002ALB Huskestativ til kråkereir..... Kr. 16.990,-
Huskestativ med ståloverligger og pulverlakkerte ben i aluminium. Leveres med oppheng til 1 kråkereir. Leveres uten kråkereir(kjøpes separat).

87-K008ALBB Huskestativ til 2 kråkereir..... Kr. 30.923,-
Huskestativ med ståloverligger og pulverlakkerte ben i aluminium. Leveres med oppheng til 2 kråkereir. Leveres uten kråkereir(kjøpes separat).





6014104 Kråkereir Ø 100 cm..... Kr. 9.800,-/Netto
Gruppehuske med plass til flere barn samtidig. Består av en stålring med støtabsorberende membran med nett i polstret wire.

U

MENU

HJEM / LEKEPLASS / UNIQA NATURLEK / LEKEHUS

Lekehus

SORTER ETTER: Plassering

33 artikler VIS: 60

Barnas lekehus

Vi har mange forskjellige lekehus med svært forskjellige uttrykk og høye spillverdier. Serien av lekehus er produsert i gode naturlige og bærekraftige materialer, hovedsakelig i lerk og robinia. Lekeplasser legger grunnlaget for mange gode og morsomme leker, hvor fantasien og det sosiale aspektet er veldig i spill.

lekehus i lærkeTre

Varenr.: 20409
Kontakt oss for pris

BALI HUS

Varenr.: 52060
Kontakt oss for pris

HUS PÅ HØY MED RUTSJEBANE

Varenr.: 52066

TIPI - LERK

Varenr.: 52068

Nettstedet bruker informasjonskapsler (cookies) for å huske dine innstillinger og statistikk. Denne informasjonen er delt med tredjeparter. Ved å fortsette å bruke nettstedet godkjenner du cookiepolitikken. Les mer >>

ıskeliste (0)

Ok

Gro Turid Midtsund

Fra: Hilde Birkedal
Sendt: torsdag 10. januar 2019 18:24
Til: Gro Turid Midtsund
Emne: Uteområdet

NISSEDAL KOMMUNE
Sak.nr. 19/361-6 Dato 12/3-19

Hei.
Haugsjåsund barnehage ønsker vognskur og klatretårn.
Vi har nå 7 vogner som står i veien i gang, så vognskur gjerne med hyller til uteleiker hadde vore flott.
Eit lite leiketårn hadde og vore eit stort ynskje.

Mvh.

Hilde

Sendt fra min iPa

Logg inn

Aktiv Lek

Søk...

HANDLEKURV 51 produkter

MENY +

> Din handlekurv

SAMMENDRAG AV HANDLEKURV

Sammendrag

Logg inn

Adresse

Frakt

Betaling

Lekehus for de minste

SKU : 1031

Stykkpris

36 800,00 kr

Antall

1

Totalt

36 800,00 kr



Støtmatter 80 mm

SKU : 9880

Stykkpris

690,00 kr

Antall

50

Totalt

34 500,00 kr

Totalt produkter (eks. MVA)	**71 300,00 kr**
TOTALT	**71 300,00 kr**

Fortsett å handle

FORTSETT TIL KASSEN

INFORMASJON

Tilbud

BUTIKKINFORMASJON

Aktiv Lek AS, Teglverksveien 15a 3413 Lier

Ring oss nå: 32240400

E-post: salg@aktivlek.no

FØLG OSS

MIN KONTO

Mine ordre

Budsjett-justering Budsjettskjema 2A - Investeringsbudsjettet

Tall i 1000 kroner	*Gjeldande budsjett 2019*	*Endring budsjett 2019*	*Nytt gjeldande budsjett 2019*
